



**LINDÅS KOMMUNE**

**KNARVIK BARNESKULE**

5902 ISDALSTØ

TELEFON 56375036

Medlemene i SU ved Knarvik barneskule.

MØTEBOK SU 14.11.18.

Saker:

### **Sak 1 – Skuleruta for 2019-2020.**

- SU ønskjer at oppstart av skuleåret for elevane vert flytta frå torsdag 15.8. til onsdag 14.8.
- Planleggingsdagen som er sett opp onsdag 14.8. vert flytta til måndag 12.8.
- Planleggingsdagen som er sett opp torsdag 2.1. vert flytta til fredag 3.1.
- Oppstart for elevane etter jul vert flytta frå fredag 3.1. til måndag 6.1.

### **Sak 2. Konstituering.**

- Alexander Hellesøy frå FAU valt til ny leiar.

### **Sak 3. Framdrifta – ny skule**

- Rektor orienterte om framdrifta på bygginga av ny skule. Arbeida er heilt i rute. FAU orienterte om arbeidet dei gjer for å sikra skulevegen fram mot den nye skulen for elevane frå Såta 1. Her vert det ei synfaring måndag 19.11. kl 09.00. Rektor vert med på denne synfaringa.

### **Eventuelt.**

- Før vi kan flytta til ny skule er det mange innarbeidde rutinar som vi har i dag som må endrast. Rektor bed om at alle partar i SU kjem med innspel til kva rutinar som er viktige å få på plass før flytting.
- Organisering av skuledagen i den nye skulen. Rektor orienterte om tankar som har kome opp om å organisera skuledagen på ein annan måte enn slik vi gjer det i dag. Dette vert teke opp at som sak i neste møte. Alle vart oppmoda om å tenkja igjennom ulike løysingar og drøfta dette i dei fora ein representerer i SU
- Trafikksikring. FAU orienterte om arbeidet dei gjer for å sikra elevane frå Såta 1 ein trygg skuleveg. Gjeld kryssing av E39. Vert ei synfaring 19.11. kl 09.00. Rektor invitert til å vera med på denne synfaringa.

Knarvik barneskule 15.11.18.

Terje Hugo Aarvik.